



Austevoll kommune

Møteprotokoll FORMANNSKAPET

Møtedato: 16.11.2010

Møtetid:

Kl. 15:00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

135/10 - 155/10

Følgjande medl. møte:	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Olav Njåstad	Frp
Jostein Blænes	”	Ingunn Berge Vik	H
Renate Møgster Klepsvik	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Eide Solbakken	H		
Jane K. Stangeland	A		
Christian Halstensen	Krf		

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Sak 153 Kulturpris 2010 og 155 Grynderpris 2010
Orientering:	Før møte i utval for plan- og byggesak og formannskapet var det fellesmøte med arbeidsutvalet for soknerådet.
Merknader:	Sak 153 vart handsama etter sak 154/2010.
Innkalling:	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Julie Eide Solbakken

Jane K. Stangeland

Christian Halstensen

Olav Njåstad

Ingunn Berge Vik

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
135/10	Godkjenning møtebok frå møte i formannskapet 19.10.2010
136/10	Politisk kvarter 2010 - formannskap
137/10	Referatsaker
138/10	Skatteinnngongen september/oktober 2010
139/10	Møllo i Vestre Vinnesvåg - spørsmål om val av styremedlem
140/10	Medlemskap i Austevoll mållag
141/10	Søknad om støtte til Trafikksikkerhetshall
142/10	Strategidokumentet Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) i framtida
143/10	Politivedtekter for Austevoll kommune.
144/10	Eigedomsskatt - ny taksering
145/10	Auka bemanning i barnevernet frå 01.01.2011
146/10	Forprosjekt Energieffektivisering
147/10	Nordstrandsbygget. Rehabilitering eller nybygg.
148/10	Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2011-2014
149/10	Reguleringsplan for gnr. 50 bnr. 3,29 m.fl. Nordeide
150/10	Gnr. 45 bnr. 0006 Bjelland. Skade på privat veg mellom pumpestasjon og sjø i Skiftesdalen
151/10	Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 601 Storebø
152/10	Austevoll Fiskefarm AS/Austevoll Melaks AS - klarering av ny lokalitet Klammerholmen
153/10	Kulturpris 2010
154/10	Sal av aksjer i SLab AS
155/10	Grynderpris 2010

135/10: Godkjenning møtebok frå møte i formannskapet 19.10.2010

Vedtak:

Møteboka frå møte i formannskapet 19.10.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

136/10: Politisk kvarter 2010 - formannskap

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Jostein Blænes:

Dersom ein person som er tildelt fysioterapi ikkje får den timen/rehabilitering?

Har kommunen eit opplegg som sikrar at vedk. får timen til rett tid.

Svar frå rådmannen:

Administrasjonen vil koma med svar i eit seinare møte.

Spørsmål frå Edvard Johannes Stangeland:

Person falt om i eige hus, brukte trygghetsalarmen, personen vart liggande i 3 timer før vedk. fekk hjelp.

Svar frå helse- og sosialsjefen:

Administrasjonen har fått melding om saka. Helse- og sosialsjefen vil følgja opp saka.

Spørsmål frå Helge Andre Njåstad:

Selbjørn idrettslag og økonomisk oppgjer på anleggene. Administrasjonen vert oppmoda å leggje fram ei sak slik at formannskapet kan ta stilling til saka og få den ut av verden.

Svar frå rådmannen:

Det vil bli lagt fram sak i formannskapsmøte 29. nov. 2010.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

137/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

138/10: Skatteinngongen september/oktober 2010

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

139/10: Mølle i Vestre Vinnesvåg - spørsmål om val av styremedlem

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at Austevoll kommune ikkje ønskjer å delta med styremedlem i styret for Mølle i Vestre Vinnesvåg.

140/10: Medlemskap i Austevoll mållag

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at Austevoll kommune teiknar seg som medlem i Austevoll mållag.

141/10: Søknad om støtte til Trafikksikkerhetshall

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at søknaden om økonomisk støtte til Trafikksikkerhetshall ikkje kan imøtekomast.

142/10: Strategidokumentet Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) i framtida

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vil tilrå at SIM IKS konsentrerer sin verksemd rundt kjerneoppgåver som er å gje både hushaldningar og næringsliv i regionen eit heilskapeleg tilbod på innsamling, mottak og handsaming av avfall.
2. Austevoll kommunestyre ynskjer ei uhilda vurdering av korleis SIM IKS skal vera organisert i framtida for å sikre sterkare politisk styring med SIM selskapa og dei aktivitetar SIM IKS skal ha som sine kjerneoppgåver.
3. Austevoll kommunestyre ønskjer ei utgreiing på korleis ein eventuelt kan disponere delar av eigenkapitalen. Ein må få vurdert eventuelt bruk av eigekapitalen til forskotering av prosjekt, tilbakeføring av kapital, utbytte med meir.

143/10: Politivedtekter for Austevoll kommune.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner vedlagte framlegg til forskrift om politivedtekt for Austevoll kommune.

Forskrift om politivedtekt for Austevoll kommune vert sendt Politidirektoratet for stadfesting.

Når den nye politivedtekta er kunngjort vert politivedtekta frå 1939 oppheva.

144/10: Eigedomsskatt - ny taksering

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

”Austevoll kommunestyre vil vente med ny alminneleg taksering til eigedomsskattelova §8 trer i kraft. Det vil seia at ny taksering vert utsett på ubestemt tid, då det er usikkert når eigedomsskattelova §8 trer i kraft. §8 gjeld i dag berre for kraftverk. Det vil seia at gjeldande takstar vert uendra til kommunestyre eventuelt gjer nytt vedtak.”

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Julie Eide Solbakken.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vil vente med ny alminneleg taksering til eigedomsskattelova §8 trer i kraft. Det vil seia at ny taksering vert utsett på ubestemt tid, då det er usikkert når eigedomsskattelova §8 trer i kraft. §8 gjeld i dag berre for kraftverk. Det vil seia at gjeldande takstar vert uendra til kommunestyre eventuelt gjer nytt vedtak.

145/10: Auka bemanning i barnevernet frå 01.01.2011

Vedtak:

Austevoll formannskap ber rådmannen om at det vert søkt om øyremarka midlar for å styrke Austevoll barnevern med inntil ein stilling. Søknad sendast Fylkesmannen innan 31 desember 2010.

146/10: Forprosjekt Energieffektivisering**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek å starta opp arbeid med Forprosjekt Energieffektivisering, og ber rådmannen om å setja ned ei arbeidsgruppe som kan arbeide med dette. Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert, før arbeidet tek til.

147/10: Nordstrandsbygget. Rehabilitering eller nybygg.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik - politikarar til prosjekteringsgruppa:

Namn til pkt 1: Ronald Persen

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken - politikarar til prosjekteringsgruppa:

Namn til pkt. 1: Julie Eide Solbakken

Rådmannen si tilråding vart vedteke saman med framlegga frå Frp og Høgre.

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei prosjekteringsgruppe med sikte på å utarbeide løysing med tanke på nybygg/ tilbygg til Storebø skule/ Paviljongen.
Prosjekteringsgruppa si samansetning:
 - a. Julie Eide Solbakken og Ronald Persen
 - b. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen.
 - c. Organisasjonane peikar ut ein representant.
 - d. Verneombod
2. Kommunestyret vedtek at prosjekteringsgruppa utarbeider prisførespurnad på funksjonsbeskriving med meir til arkitekt/ ingeniør. Dette med tanke på at byggearbeidet med tilbygg/ nybygg skal lysast ut som totalentreprise. Det vert sett av kr. 600.000,- inkl mva til prosjekteringa. Beløpet skal belastast investeringsbudsjettet til Storebø skule/Selbjørn skule.
3. Kommunestyret delegerer mynde til å lyse prosjektet ut på DOFFIN basen til formannskapet.
4. Kommunestyret vedtek at Nordstrandsbygget leggjast ut for sal. Salssummen går inn som del av finansieringa av nybygg.

148/10: Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2011-2014**Vedtak:**

Austevoll formannskap sender Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2011 -2014 ut på høyring med høyringsfrist 03.12.2010.

149/10: Reguleringsplan for gnr. 50 bnr. 3,29 m.fl. Nordeide**Rådmannen si tilråding:****Vedtak:**

Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å nytta inntil kr. 50.000 til planlegging av Porsdalen. Midlane skal hentast frå investeringsmidlar.

150/10: Gnr. 45 bnr. 0006 Bjelland. Skade på privat veg mellom pumpestasjon og sjø i Skiftesdalen

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Austevoll kommunestyre vedtek at vegen skal fiksast og kommunen har eit ansvar for å syta for at det vert gjort jmf lang og treg sakhandsaming der kommunen tilsynelatande har påteke seg ansvar og skulda på dårleg kommuneøkonomi. Eigar av vegen som er skadelidande må ikkje verta ”kasteball” i systemet.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert gått i dialog med Austevoll vatn og avlaup for å drøfte korleis saka kan løysast. Ein må vurdere ansvar i høve til avtalen om overtaking av vatn og avlaup mellom Austevoll kommune og Austevoll Vatn og avlaup.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Frp.

Framlegget frå Frp vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at vegen skal fiksast og kommunen har eit ansvar for å syta for at det vert gjort jmf lang og treg sakhandsaming der kommunen tilsynelatande har påteke seg ansvar og skulda på dårleg kommuneøkonomi. Eigar av vegen som er skadelidande må ikkje verta ”kasteball” i systemet.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert gått i dialog med Austevoll vatn og avlaup for å drøfte korleis saka kan løysast. Ein må vurdere ansvar i høve til avtalen om overtaking av vatn og avlaup mellom Austevoll kommune og Austevoll Vatn og avlaup.

151/10: Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 601 Storebø

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å forhandle og inngå kjøpekontrakt med grunneigar av gnr 43, bnr. 601 i Austevoll

Det vert sett av kr. 500.000 frå kapitalfondet til føremålet.

152/10: Austevoll Fiskefarm AS/Austevoll Melaks AS - klarering av ny lokalitet

Klammerholmen

Vedtak:

Austevoll kommune har vurdert søknad frå H-AV-6 H-AV-27 Austevoll Fiskefarm AS/Melaks AS, om ny lokalitet for oppdrett av laks og aure ved Klammerholmen, omsøkt biomasse 1560 tonn MTB.

Austevoll kommune kan ikkje sjå at den omsøkte lokalitet vil ha ei klårt uheldig plassering i forhold til omkringliggjande miljø eller lovleg ferdsel eller anna utnytting av området.

Anlegget er lokalisert til eit AK-område (akvakulturområde i sjø) og såleis i samsvar med kommunen sin kommuneplan.

Austevoll kommune tilrår at søknaden frå Austevoll Fiskefarm AS/Melaks AS vert imøtekomen.

153/10: Kulturpris 2010

Unnateke off. innsyn (§5 utsett innsyn)

Handsaming i møtet:

Vert handsama etter sak 154/10

Det vart først prøverøysta over 2 framlegg.

Det vart deretter røysta over framlegg NN som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

NN får tildelt kulturprisen for 2010.

154/10: Sal av aksjer i SLab AS

Vedtak:

Austevoll formannskap tilbyr SLab at dei kan få kjøpa heile Austevoll kommune sin aksjepost for kr. 1.207,48 for kvar aksje.

Salsinntekta vert tillagt investeringsfondet.

Vedtaket er gjort med tilvising til kommunelova § 13 (hasteparagrafen).

155/10: Grynderpris 2010

Unnateke off. innsyn (§5 utsett innsyn)

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at Grynderprisen for 2010 vert tildelt NN

